



ÅRSMELDING 2021

for

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden (SWiS) er ei idealistisk stifting etablert av 5 partar med adresse Fjordstova, 6876 Skjolden.

Arbeidet i 2021

Stiftinga har i 2021 avvikla tre ordinære styremøter. 2021 er det andre året der arbeidet har dreid seg om *drifta* av stiftinga, i motsetnad til dei 5 første åra der arbeidet var prega av *prosjektarbeidet* med attendeføringa av huset. Dette set krav til nye tankar og handling.

«Sjølvetjening» ved syning av Wittgensteinhuset

Utfordringa: korleis skal me guide spontant interesserte vitjande var lenge eit åpent spørsmål utan godt svar. Løysinga vart at me ville gje tillit til våre gjester. Nykkjel kunne hentast på to sentrale plassar mot registrering og betaling. Denne ordninga har fungert til d.d. utan at me har registrert svinn eller har hatt andre dårlege erfaringar. Gjesteboka er full av lovnadsord, tilliten stimulerar til godkjensle.

Ivaretaking av kulturlandskapet inkl. bygningar

Stiftinga har som mål at vitjing til W-huset også skal inkludere ein triveleg tur som totaloppleving. Me har sams interesse med eigar av to landbruksrelaterte bygningar om ivaretaking. Desse er stilt til disposisjon for stiftinga og me har utarbeidd ulike skissemessige planar for nytting. Det er utført to søknadar om finansiering i 2021. Intensjonen er at arbeidet blir vidareført i samarbeid med Skjolden Bygdelag.

Enkeltsaker

Alt i alt kan styret sjå attende på eit arbeidsår med avklaring på fleire behov og spørsmål. Dette har dreid seg om

- Revidering av vedtektene – gjenstår fullføring med å jourføring i Brønnøysund.

- Fullført arbeidet med - og fått produsert riv-av-brosjyre som er spissa for marknadsføring av Wittgensteinhuset, men også med Skjolden som turistmål. Distribuert denne til strategiske turistplassar og publisert på heimesida.
- Etablert båtstø i Eidsvatnet for Wittgensteinbåten etter inngått avtale med Eide Gard og etter forutgåande avklaring med Luster kommune.
- Vidareført arbeidet med informasjonstavlene
- Formalisert ordninga med vararepresentant for kvart styremedlem for auka lokalt engasjementet i stiftinga. Vararepresentantar får høve til å delta på styremøter og får tilsendt referat.
- Har etablert ordning med systematisk tilsyn og reinhald av W-huset.
- Kartlegging av leverandørar og metodar for personteljing av vitjande til W-huset
- Innleiande arbeid med omredigering av heimeside for tilpassing for syning av driftsfasen og marknadsføring av W-huset
- Stiftinga mottok som gåve frå arkitekt Ole Marius M. Løken modellen av W-huset som han utførte i si diplomoppgåve. Ulike plasseringar har vore drøfta i 2021.
- SWiS har lagt vekk på å presentere eit arrangement av høg kvalitet for den offisielle markeringa av at huset har vorte freda. Arrangementet vart utsett fleire gonger i 2021 grunna koronatiltak, til slutt til 13. mai 2022.
- Har medverka med Knut Olav Åmås i Wittgensteinseminaret i Solvorn ved
 - presentasjon av attendeføringsprosjektet av huset for deltakarane på seminaret ved ankomsten på fredag kveld
 - å stille huset til disposisjon og guide ved syninga av huset

Til saman er det nedlagt eit betydeleg frivillig arbeid av styremedlemene også i 2021.

Økonomi og framtidig drift

Rekneskapen for 2021 synte eit underskot i drifta på kr 3.586,-. Stiftinga arbeider for å styrke inntektsgrunnlaget vårt som er billettinntekter frå vitjande. Årsrekneskapen for 2021 er sett opp under føresetnad om fortsatt drift frå revisor si side. SWiS bekreftar at denne føresetnaden er til stades.

Furulund i Oslo, 25.08.2022.
Trygve Martinussen

Stiftinga er ikkje pålagt å utarbeide årsrapport lengre. Rapporten er difor ikkje signert men den er forelagt styret. Rapporten er utarbeidd for intern dokumentasjon og som naudsynt dokument for søknad om mva-refundering.

[Stiftinga Wittgenstein i Skjolden / 6876](#) [Skjolden / 3785.12.50604](#) / [Org.nr 914 844 118](#)